

# Wifi4EU

Det er no mogeleg å søke om finansiering for å installere internett/Wi-Fi hotspot på offentlege stader i kommunane. Wi-Fi-en skal vere tilgjengeleg og gratis for alle. Dette kan installerast til dømes på sjukehus, parkar, torg, naturområde eller andre offentlege stadar. Det er kommunen som bestemmer kva område dette skal vere, men kan ikkje vere i eit område der eit tilsvarende tilbod allereie eksisterer.

## Kva dekker det?

EU deler ut til saman 120 millionar euro til dette føremålet, 15.000 euro per søknad. Kvar kommune kan berre få finansiering til eitt prosjekt. Søknadsprosessen skal vere enkel og finansiering blir gitt etter førstemann til mølla-prinsippet. For å sikre at alle land får finansiering vil minst 15 prosjekt frå kvart land få tildelt midlar. Midlane kan gå til å enten sette opp heilt ny hotspot, oppgradere eksisterande hotspot, eller inngå i eit større prosjekt. Pengane skal gå til installasjon og vedlikehald i tre år.

## Desse kan søke

- Alle kommunar
- Fylkeskommunar

I tillegg kan ulike kommunale samarbeid søke:

- Kommunale føretak
- Vertskommunesamarbeid
- Samkommunar
- Interkommunalt selskap
- Interkommunalt og interfylkeskommunalt samarbeid
- Kommunesektorens organisasjon - KS

## Kva skjer etter at ein har fått innvilga søknad?

Etter at kommunen har fått godkjent søknaden vil kommunen få verdikupong. Deretter har kommunen halvanna år på å finne installatør/internettleverandør og få satt opp hotspot.

Kommunen som får tildelt midlar vil få ein 'kupong'. Denne kupongen blir gitt til internettleverandøren som vil sette opp Wi-Fi-en etter avtale med kommunen (i samsvar med reglar for offentlege anskaffingar). Leverandøren som blir valt må registrerer seg i portalen, og kan i sin tur bytte verdikupongen i pengar.

## Søknadsprosessen og frist

Søknadsprosessen er enkel: Kommunen registrerer seg og legger inn grunnleggande informasjon om kommunen og kontaktpersonen (ofte ordførar). Det vil ikkje vere

naudsynt å legge inn teknisk informasjon eller dokumentasjon. Det vil heller ikkje vere naudsynt med eit kostnadsramme frå leverandør for å søke.

Registreringa er allereie open og kommunen kan lage ein søknad allereie no. Merk at forhandsregistrerte søknadar ikkje blir sendt inn automatisk, men må sendast inn etter at søknadsportalen blir opna. Sitt derfor klar for å sende inn med ein gong portalen opnar, her er det første kommune til mølla!

**Søknadsportalen for runde tre opnar 19. september 2019 kl. 13.00.**

Register kommunen på denne sida: <https://www.wifi4eu.eu/#/beneficiary-landing>

All informasjon finn du i tillegg på desse sidene: <https://www.wifi4eu.eu/#/home>

Ofte stilte spørsmål og svar finn du på denne sida: <https://ec.europa.eu/digital-single-market/en/faq/wifi4eu-questions-and-answers>

Les meir på Norsk kommunikasjonsmyndighet si side:

<https://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/offentlige-wifi-soner/europeisk-st%C3%B8nad-til-offentlege-wifi-soner>